

Møtereferat etter møte styringsgruppa 7.2 2017 kl 13:00-15:30

Til stades: Oddvar Grøthe, Janne Brøndbo, Odd Holde, Gunn Berit Nergård, Borghild Moen og Odd Magne Anderdal. Kjell Erik Skølt var til stades som observatør.

Oppgåve til møte: Vurderingar rundt ny sentralskule ved idrettsplassen utifrå: 1) Areal, 2) Økonomi, 3) Utvikling idrettsplassen, 4) Trafikalt og 5-6) Drift. Eigedom og oppvekst.

1) AREAL:

- **Byggareal:** Skulebygg 12,5 m² pr elev x 400 elevar = 5.000 m², samt idrettshall på 2.000 m² = 7.000 m². Kvantrektangel i skisse nedanfor er på 6.850 m². Delar av skulebygget kan byggast over 2 plan, noko som vil redusere grunnflatebehovet
- **Parkering/transportareal:** Asplan Viak viser til: 1. Parkeringsplassbehov tilsette på 60-70 plassar, 2. Areal for kyss og køyr, (hente/levere born til skulen) 3. Parkeringsareal for foreldre ved møter, hente/levere SFO, 4. Areal for busstransport. Dersom ein legg til grunn 15 m² pr parkeringsplass, vil det vera eit personalparkeringsplassbehov på 1.000 m². For å løyse alle behov, vil det truleg vera eit arealbehov på minimum 3.000 m². Truleg enda meir for å løyse alle behov på ein sikkerheitsmessig god måte. Styringsgruppa gjorde vurderingar rundt behov for sentrumsnære parkeringsplassar på helg, høgtid og for ny sumaraktivitet.
- **Uteareal:** Normtal viser til 50 m² uteområde til kvart born = 20.000 m². Styringsgruppa gjorde ulike vurderingar rundt dette. Det viktigaste er å få til gode skilje mellom dei eldste og yngste elevane.

2) ØKONOMI:

- **Nybygg:** HBU har eit samla bruksareal på 4.250 m² inklusive bygdearkiv, bibliotek og kyrkjestugo. Ved etablering av sentralskule til ein ny stad, utan bruk av dagens skuleareal HBU, vil det vera eit ytterlegare arealbehov på ca 3.500 m². Dersom ein legg til grunn kvadratmeterkostnad på 30.000,-, utgjer dette ein ekstrakostnad på ca 105 millionar. Så er spørsmålet kor store behov det er for ombygging av dagens areal på HBU. Styringsgruppa gjorde fleire vurderingar her, eksempelvis at dei yngste elevane overtek dagens areal HBU, og at ein bygger nytt til dei eldste.
- **Kva med HBU ved ny sentralskule idrettsplassen:** Styringsgruppa gjorde ulike vurderingar rundt framtidig bruk av bygningsmassen ved HBU, dersom sentralskulen vert flytta til idrettsplassen. Styringsgruppa vurderer sal/utleige til næring, samt bruk/utleige til kontor, møterom etc som mest aktuelt. Ombygging til behov Pleie og omsorg vert truleg for kostnadskevjannde. Styringsgruppa gjorde også vurderingar rundt Bygdheim, den gamle garden, og plassering av kultur og musikkskulen på kort og lengre sikt.
- **Trøimshallen/idrettshall:** Styringsgruppa gjorde ulike vurderingar rundt gymsal/idrettshall. Behov og plassering. Skulens behov er ein ny gymsal med garderober lik det ein har i dag.

3) UTVIKLING IDRETTSANLEGG OG AREAL FOR ARRANGEMENT:

Med tanke på arealbehov til skulebygg, uteområde, parkering, transport mm, vil det vera minimalt med areal igjen for utvikling av idrettsplassen og auka aktivitet/ny aktivitet. Kan dette føre til ynskje om nytt idrettsanlegg?


4) TRAFIKALT

Ei ny sentralskule ved idrettsplassen fører til fleire utfordringar frå RV 52 og bort til idrettsplassen, truleg med fleire kostnadskevjangende tiltak. Trafikken over brua vil auke med ca 500 døgnpasseringar ved flytting av sentralskulen til idrettsplassen. Arbeidsgruppa vurderte også ulike løysingar rundt parkering og trafikkavvikling rundt HBU.

5) DRIFT (Teknisk)

Eit heilt nytt 1-10 skulebygg kan byggast noko meir arealmessig og driftsmessig lønsamt.

6) DRIFT (Oppvekst) Ei ny sentralskule eller midlertidig 1-5 skule (byggetrinn 1) ved idrettsplassen fører til fleire utfordringar for oppvekst. Bibliotek, avstand til kultur og musikkskulen kommunehuset, og samarbeid skule og helse. Døme på samarbeid helse er kantinesamarbeid med storkjøkken og fagleg samarbeid.



Plassering av ny sentralskule retning nord (ved dagens Garderobebygg):

Her er bygg plassert ved dagens Garderobebygg. Bygget tek alt areal frå dagens grusplass i aust, følgjer ny VA gate mot nord. Bygget går nesten heilt bort til Hugnadheim i vest, og følgjer vegen til Hugnadheim mot syd. Nok areal til bygg, men utfordrande å løyse parkeringsplass/trafikkbehov.

Plassering av ny sentralskule mot vest (sentrumsløypa) Denne plasseringa fører til utfordringar i høve nedfartsøype, skiløype og eventuell plassering av gondol. Areala nord for fotballbanen (garderobebygget) kan her brukast til parkering, transport mm.

Plassering av ny sentralskule syd for fotballplassen

Truleg det beste alternativet. Dagens areal rundt garderobebygget kan brukast til parkering, henting/levering osv. Leikeareal for dei minste og mellomstore borna kan vera mot vest (sentrumsløypa) Truleg miljømessig og sikkerheitsmessige (trafikkalt) beste løysinga. Dagens langrennsløype må flyttast. Det vil ikkje vera areal igjen til vidare utvikling av idrettsanlegget.

Førebuing/arbeid neste møte 15.2

1. Ytterlegare økonomisk vurderingar av dei 3 ulike modellane. Sentralskule HBU og idrettsplassen, samt alternativ 3. Nybygg for 1-5 skulesteget på idrettsplassen. 6 -10 klasse vert flytta på seinare tidspunkt.
2. Utvidingspotensiale ved dei ulike modellane.
3. Tålegrense for låneoptak.
4. Trygde og omsorgsbustadar, bygdaheimen. Behov og plassering av dette.
5. Behov og plassering av Helsetenestene.

Odd Magne Anderdal
Referent